



ÅRSMELDING VALESTRANDSGRUPPA 1985

Formann	Vidar Simmenes (85)	Kasserar	Grete Brandsdal (85)
Sekretar	Karin Drange (85)	Styremedlem	Ingenar Valestrand (85-86)
Styremedlem	Kari Hannisdal (85-86)	Styremedlem	Aud Reigstad (85)

Varamedlem Amund Bleikli og Arne Reigstad

Valnemnd: Karl J. Reigstad (formann), Leif Mjelde og Kari Stammes

Det har i 1985 vore 2 styremøter. Aktiviteten har vore god også siste året.

Litt om gruppa sine aktivitetar i 1985.

Mai-stafetten vart skipa til 31. mai. 25 lag stilte til start (19 i 1984). Stafetten er i år lagt om ved at alle vekslingane føregår inne på idrettsbana. Dette kan truleg på sikt gjera stafetten meir publikumsvenleg. Det har også arrangørmessige fordelar. Vandrepokal med 3 napp gjekk til ungdomsskulejentene frå Valestrand.

Ole Bull - løpet 75 deltakarar i årets løp. I år var det ikkje konkurranse klasse. Det bør satsast meir for å få større lokal deltaking.

Friidrett og ski Her er det eit aktivt miljø, men som tidlegare år er det dei yngste og eldste som hevdar seg best.

Valestrandsmarka rundt (trinløp 4.3 km) 10 løp med 46.3 deltakar i gjennomsnitt. Totalt har 117 personar vore med ein eller fleire gonger. Desse har vore med 10 gonger: Idar Elvik, Anders Hevrøy, Terje Simmenes, Erlend Stammes, Nils Valestrand, Lars Inge Birkeland, Geir Møhle, Kari Stammes, Angunn Hevrøy og Liv Simmenes. Det vart ikkje løyperekordar i 1985 men 58 av dei 117 deltakarane sette pers. Bestetid Arne Mjelde(43) 14.35 og Liv Simmenes (36) 19.44. Av tider elles skal nemmast Sjur Hevrøy (6) 23.47, Stein Inge Kvernhusvik(7) 21.18, Jon Drange (15) 15.27. Ved det 10. og siste løpet vart det gjort videoopptak.

Det er delt ut trykte diplomar til 81 som var med i minst 2 løp. Av valestrandsmarka rundt merke er det delt ut 24 stk.

Idrettsmerkeprøver I 1985 har 20 frå Valestrand klart krava mot 16 i 1984. Karl J. Reigstad og Eva Lillejord har passert 45 poeng og følgeleg kvalifisert seg for Statuttklubbens krus. 4 har kvalifisert seg til gullmerke (15poeng).

Furubakken idrettsanlegg Det er utført dugnad på lysanlegget som på det næraste er ferdig. Idrettsplassen kan no nyttast langt meir enn tidlegare. Det vart avslag på søknaden om tippemidlar for 1984, men for 1985 er det venta at anlegget får tippemidlar.

Det er lagt leidningar til vatn og toalett til banehuset. Tilkobling vil ikkje verta gjort før til våren 1986.

Styret i Valestrandsgruppa vedtok i 1984 at gruppa skal skaffa tilveges midlar til utstyrsvogn til idrettsbana. Ved utlodning i samband med avsluttinga av Valestrandsmarka rundt i 1984 og 1985 er det til no kome inn kr. 1.360,-.

Rekneskapen i Valestrandsgruppa pr. 1.11.85 viser ei behaldning på kr. 3.851,36

Folk frå gruppa har elles vore med og hjelpt til ved ymse arrangement som Osterøy I. L. skipar til spesielt i ski og friidrett.

Takk for godt samarbeid og god innsats i året som har gått.

Vidar Simmenes

Karin Drange

Årsmøte 10.11.1985

Val av nytt styre:	formann :	Vidar Simmenes	(86)
	skrivar :	Karin Drange	(86-87)
	kasserar:	Grete Brandsdal	(86-87)
	styremedlem:	Aud Reigstad	(86-87)
	styremedlem:	Ingemar Valestrand	(86)
	styremedlem:	Kari Hannisdal	(86)
	varamedlem:	Lars Olav Birkeland	
	varamedlem:	Arne Reigstad	

Valnemnd: Karl J. Reigstad (formann), Leif Mjelde og Kari Starnes

REKNESKAPSOVERSIKT FOR Valestrandgruppa
 i OSTERØY IDROTTSKLAG 1985.

RESULTATREKNESKAP:

Utgifter:

Konto nr.	20. Administrasjonsutg.:	
" "	21. Startp. forsikr.:	
" "	22. Utg. v/eigne idrettsarr.:	kr 1242,-
" "	23. Utg. til idrettsmateriell:	600,-
" "	25. Utg. til trening og instr.:	
" "	26. Reiser:	
" "	27. Diverse utg.	
Diverse poster:		
" "		
" "		
" "	Overskot:	491,14

Nedtalt:

kr ~~1842,-~~
 2333,14

Inntekter:

Konto nr.	30. Inntekter ved idrettsarr:	kr 1645,-
" "	31. NETTO inntekter ved ikkje idrettsarr.:	580,-
" "	32. Tilskot frå hovedkassen:	
" "	33. Diverse inntekter:	108,14
" "	34. Treningsavgift	

Diverse poster:

Underskot:

Nedtalt:

kr 2333,14

BALANSE:

Aktiva:

Kasse:	
Bank:	kr 3851,36
Salgsmateriell:	

Nedtalt:

kr 3851,36

Passiva:

Lån, post nr.11:	
Inng.beholdn.pr.01.01.85	kr 3360,22
+/- overskot/underskot	491,14
Utg.beholdn.pr.31.10.85	

kr 3851,36

Valestrandfossen 30/10-85
 Grete Brandsdal
 sign. kasserar

Harodd Felle
 sign. revisor